



Sokneprest Kristian Due med fleire hjalp dei unge opp og ned i tårnet.

16 tårnagentar fødde i 2001 og 2002 har i ettermiddag klatra opp i kyrkjetårnet i Uskedalen. Det var ei spanande oppleving i seg sjølv men det var også naudsynt for å kunne svara på spørsmål om klokka.

Av tryggleiksgrunnar fekk ikkje agentane lov til å klatra heilt opp til klokka og dei vart også teke skikkeleg og betryggjande hand om under klatringa av både soknepresten, kyrkjetenaren, sundagsskuleleiarar, medlemmer av soknerådet og foreldrar!



Halvvegs opp i tårnet vart agentane presentert for svaret på eit spørsmål om klokka. Merete Haugland står med svaret og Stine Soldal (4.klasse) og Andrea Hjelmeland (3. klasse) les det.

Agentopplegget, som er landsomfattande, fekk oppslutnad av omtrent halvparten av dei to kulla og det var arrangørane frå soknerådet og sundagsskulen godt fornøgdde med.

I kyrkja vart dei unge stilt overfor mange oppgåver i form av rebusar og jakt på symbolar.

Oppgåvene var spreidde rundt om. Til dømes vart det spurt på galleriet kva årstall kyrkja fekk nytt orgel og om svararen kunne finne namnet på 3 songar som Elias Blix har skreve. Eller på kva nummer i Salmeboka finn ein songen 'Ein fin liten blome' og kven har skreve melodien til den songen?

Sundagsskulen og soknerådet har verkeleg mobilisert for å gjera dette tiltaket så vellukka som mogleg. Vi noterte oss at fleirtalet i soknerådet var i aksjon for å hjelpa dei unge agentane til rette saman med fleire kyrkjetilsette, sundagsskuleleiarar og foreldrar.

Ei god tårnagent fungerer ikkje beree på åndeleg kost og det var servering både i Bedehuset og kyrkja.

Og sundag føremiddag vil nok fleire enn vanleg koma til gudstenesta som sokneprest Kristian Due held, for da vil ein få sjå og høyra kva dei unge har fått ut av agentdagen sin. Det kjem kanskje ei og anna overrasking i så måte.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen.